
INSTRUKS/BRUKSAVTALE LOKALER

1 UTLEIGAR/UTLÅNAR: Odda vidaregåande skule («OVS»)

2 LEIGETAKAR/BRUKAR

Leigetakar pliktar å setja seg inn Odda vidaregåande skule sitt utleigereglement.

3 LEIGA, BRUKSKOSTNADAR MV.

Lån av OVS sine lokale er gratis. Brukar er ansvarleg og syt for rydding og reinhald i samband med bruken. Ved manglande rydding/reinhald, skade eller brot på reglane, kan leigetakar bli fakturert for ekstraavgifter. Gjentakande brot kan føre til utestenging.

4 BRUK AV LEIGEOBJEKTET

Brukar skal handsama så vel Bruksobjektet som Eigendomen elles med tilbørleg aktsemd.

Lokalane må ikkje nyttast på ein måte som forringar Eigendomens omdøme eller utsjånad. Brukar må sjå til at bruken heller ikkje er til sjenanse for naboar.

Røyking og /eller alkoholbruk er ikkje tillate i eller utanfor lokalitetane.

Brukar er pliktig til å innhenta – eventuelt i samarbeid med OVS - offentlig løyve for påtenkt arrangement dersom dette er naudsynt.

Brukar syt for at avfall vert lagt i Eigendomens søppelkassar/kildesorteringssystem, eller på annan måte etter avtale med OVS.

Brukar kan berre nytta areal til sal av produkt etter på førehand særskilt avtale med OVS.

Brukar er ansvarleg for skader av ein kvart slag som har si årsak i gjennomføring av arrangementet, avhaldne aktivitetar etc. og som ikkje OVS er ansvarleg for.

5 LÅSING/LUKKING

Det er leigetakar sitt ansvar å passa på at alle vindauge og dører er låst og at ev. elektriske apparat er kopla frå før ein forlét bygningen.

6 BRANNINSTRUKS

Utleigar/Utlånar har gjeve Brukar ei innføring i bruk av teknisk utstyr/innretningar i bruksobjektet med særleg vekt på brannvern, brannsikringstiltak, rømmingsvegar, varslingsrutinar ved branntilløp og liknande.

Brukar skal ha ein definert brannansvarleg til stades under utleigeperioden. Brukar pliktar å setja seg inn i branninstruksen (sjå eige skjema), og at ansvaret vert delegert om naudsynt til annan person.

7 NØKKELE OG NØKKELEKORT:

Brukar får utlevert eit nøkkelkort og/eller nøkkel. Nøkkel og nøkkelkort er personleg og skal ikkje lånast vidare til andre.

NØKKELE OG NØKKELEKORT SKAL RETURNERAST NÅR DU FORLET LOKALET. Legg nøkkel og nøkkelkort i postkassa som heng på veggen i yttergangen. Ved leigeforhold som går over lengre tid, skal nøkkelkort og ev. nøkkel returnerast etter avslutta utleigeperiode. Tap av nøkkel og nøkkelkort må straks meldast frå om. Kontaktperson/brukar er personleg ansvarleg for eventuelle kostnader til utskifting av nøkkelsystem som følgje av at nøklar vert mista og skal straks melda frå om slike forhold.

Lest og forstått:

Dato: _____

Namn med blokkbokstavar

Lag/organisasjon:

Signatur

Denne instruksen vert signert ved utlevering av nøkkel/nøkkelkort. Avtalen skal signerast i to eksemplar, eitt som leigetakar beheld og eitt som Odda vidaregåande skule beheld.